



Bjarte Jørgensen  
Jonas Reins Gate 6  
5008 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/7959 - 22/98301

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
08.03.2023

## Løyve til utslepp av avløpsvatn - Minirenseanlegg - gbnr 499/66 Ystebø

<b>Administrativt vedtak:</b>	<b>Saknr: 1479/22</b>
<b>Byggestad:</b>	Gbnr: 499/66
<b>Tiltakshavar:</b>	Bjarte Jørgensen
<b>Ansvarleg søkjar:</b>	Klevstad Rørservice As
<b>Søknadstype:</b>	Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

### VEDTAK

Det vert gjeve utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr. 499/66 Ystebø på følgjande vilkår:

1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent minirenseanlegg i reinseklasse A. Restutsleppet frå minirenseanlegget skal førast i tett leidning til heilårsresipient som omsøkt og vist på kart.
2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 5 pe.
3. Det skal til ein kvar tid liggja føre gyldig serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensning av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.
5. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna felleisleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
6. Tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.
7. Før avløpsanlegget takast i bruk må det liggje føre stadfesting frå montør, serviceavtale for drift og vedlikehald og koordinatar for plassering av anlegget.

Vedtaket er heimla i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5.

## **SAKSUTGREIING**

### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr. 499/66 Ystebø.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg av typen Biocleaner BC6 Optima før utsleppet vert ført vidare til bekk.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 01.11.2022, supplert 13.12.2022 og 20.02.2023.

### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Det ligg føre merknad frå eigar av gbnr. 499/67 om ferdsel over denne eigedomen.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Alver kommune har vurdert om saka må sendast på høyring og finn at det ikkje er særlege forhold i denne saka som inneber at saka må sendast på høyring.

### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 26.09.2022.

### **Reinseløysing**

Utsleppet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biocleaner BC6 Optima. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt og normalt område med brukarinteresser, jf. forureiningsforskrifta § 12-8.

### **Drift og vedlikehald**

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskriften § 12-13 2.ledd. Serviceavtale ligg føre.

Det ligg føre tømmeavtale med Norva24 Birkeland for levering av slam i IBC1000 liter tank med båt direkte til anlegg i Sløvågen.

### **Privatrettslege tilhøve**

Avløpsanlegget er plassert på eigen eigedom, på gbnr. 499/66 Ystebø. Utsleppsleidningen er lagt på eigen eigedom fram til utsleppsstad.

### **KOMMUNENS VURDERING AV SØKNADEN**

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast når det vert sett krav til reinsing av utsleppet i biologisk/kjemisk reinseanlegg med utslepp til grøft med heilårsvassføring.

### **Nabovarsling**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Det ligg føre merknad frå eigar av gbnr. 499/67 om ferdsel over denne eigedomen.

Tiltakshavar har no valt ei løysing med tømning ved hjelp av båt. Nabomerknaden er dermed ikkje relevant for tiltaket.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafor ansvarsområdet ansvarleg søkjer, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande.

### **GENERELL INFORMASJON**

#### **Mynde til å gjere vedtak i saka**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delebert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

#### **Du kan klage på dette vedtaket**

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### **Anlegget er ditt ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

#### **Du må sette i gang innan tre år**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

#### **Kommunens tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/7959**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Bjarte Jørgensen

Jonas Reins Gate 5008  
6

BERGEN

Klevstad Rørservice As

Myrdalshovden 5130  
134

NYBORG